



Dato: 19.03.25

Referat FAU-møte 19.03.25

Tilstades:

Borghild Bjørkmo, Bodil Hobberstad Knutsen, Elena M Sikveland, Serina Fuglestad Sikveland, Silje Taksdal (u/kid), Øyvind Søyland, Gerd Rusdal, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat

OK.

Sak 18/24-25 Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025.

Gjennomgang v/rektor.

Undheim skule 'ligg greitt an' når det gjeld mobbetal samanlikna med resten av Jæren. Omgangsform her på Undheim prega av ein del grovt snakk.

Resultata på nasjonale prøvar for 5. trinn har ikkje vore tilfredsstillande dei siste tre åra, jf sist ref. Vidare fokus på å halda ut i læringssituasjonar (på skulen) og samarbeid med heimane. Skulen er ikkje primært ein underhaldningsinstitusjon. FAU etterlyser meir struktur og arbeidskrav på vekeplanane og trur at betra stabilitet på klasseleiingssida òg vil gje betre resultat på sikt.

Sak 19/24-25 Fysisk tilstand på skulen.

Særleg mellomtrinnsfløyen nedsliten. Golvbelegg, vinduskarmar, punkterte vindu, veggmaling som flassar, sundrusta tak, dysfunksjonell ventilasjon. Arbeidsmiljø for elevar og tilsette? Undheim skule prioritert høgt til rehabilitering i gjeldande skulebruksplan, men ein plan for dette føreligg ikkje. Rektor arbeider gjennom sine kanalar, men FAU kan òg ta desse forsømmelsane med til t.d. KFU og SU. Kva er planen?

Sak 20/24-25 Elevrådet, saker

Friminuttreglar. Fleire fellessamlingar med innslag og songar (i vår før påske, omkring 1. mai og før sommaren), 1.-7. klasse.

Trivselstiltak ons og fre, åpen plasthall, fredagsdansen. Fleire bøker som appellerer til guitar; fantasy, graphic novels, grøss og gru. Tarzanløype. Meir koding. Felles karneval.

Vekseslekse framfor dag-til-dag-lekse (innspel frå dei eldste trinna).

Sak 21/24-25 17. mai-komite

17. mai-ansvar flyttast ned til 6. klasse? Evt om 7. klasse beheld flaggborg og tale. Utarbeider saksframlegg ved neste FAU-møte som distribueres til foreldre slik at avstemming kan gjennomførast ved årsmøtet i juni.

Sak 9/24-25 Innkomne saker

- Eldrefest: Innspel frå enkelte i eldre-gruppa om å flytta eldrefesten til seinare på dagen av omsyn til yrkesaktive. Dette er både FAU og skuleleiinga negative til, særleg av omsyn til skulen sine personalressursar – ‘det har me ikkje råd til’ (sitat rektor).
- Hærverk: Allmøte på Lye ang hærverk og fyrverkeri som angår både Undheim og Lye. Initiativ til natteravn på Lye. Problema har halde fram trass åtvaring frå politiet. Vanskeleg å skilja ‘gutestrekar’ frå meir alvorlege forhold. Hærverk på og rundt skulen uansett uakseptabelt. Viktig at vaksne fylgjer med og er litt årvakne. Rektor v/Undheim sitt inntrykk er at skadeverk her har minka etter politianmeldelsar.
- Trivsel: Bøker/spel/leikar som er overflødige i heimane, kan vera svært interessant for skulen. Behovet er stort.
- SFO: Matrasjonering grunna kommunal fattigdom. Ta med ekstra matpakke? Evt auka foreldrebetalinga (som p.t. er kr 145,- pr mnd for tre SFO-dagar)? Desse satsane er politisk bestemt. Sak til KFU.

Neste FAU-møte onsdag 21.05.25 kl 19.

Referent
Knut Undheim